

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 19.01.2015
SAKSHANDSAMAR: Synnøve Tegelid og Terje Arne Krokvik
SAKA GJELD: Konsernbudsjett 2015, herunder investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett samt justering av inntektsramma til helseføretaka

ARKIVSAK: 2015/1424/
STYRESAK: 005/15

STYREMØTE: 04.02. 2015

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Konsernbudsjett 2015 for føretaksgruppa Helse Vest blir vedtatt med følgjande resultatbudsjett for føretaka (i heile tusen):

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteke vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2015	80 000	46 000	200 000	5 000	13 000	1 000	0	345 000

2. Inntektsramma for 2015 som blei vedtatt under sak 128/14 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):

Endringar i inntektsramma for 2015 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2015 sak 0128/14 B	5 796 097	3 070 932	9 365 246	2 508 240	3 756 329	24 496 844
Justeringar av inntektsramme frå staten:						
Omlagging arbeidsgiveravgift		-19		-70	26	-63
Kvalitetsbasert finansiering	-40	-24	-53	-21		-138
Raskere tilbake					8 410	8 410
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar					6 450	6 450
Partikkelterapi					-11 925	-11 925
Klinisk multisenterstudie					2 000	2 000
Legemiddelberedskap					1 000	1 000
Langvarig smerte			4 000			4 000
Forsøksordning tannhelseteneste			3 000			3 000
Helseregister					5 500	5 500
Forsking og nasjonale kompetansenester			-17		1 532	1 515
						0
Endringar i inntektsfordelinga til HF-a:						
For lite avsatt til øyeblikkelig hjelp	647	377	872	252	-2 148	0
						0
Sum endringar	607	334	7 802	161	10 845	19 749
Oppdatert inntektsramme 2015	5 796 705	3 071 266	9 373 048	2 508 400	3 767 174	24 516 593

3. Investeringsbudsjettet for 2015 blir fastsett som følger:

Samandrag investeringar (Budsjett 2015)

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	75 000	50 000	802 000	35 400	5 600			968 000
Medisinteknisk utstyr	124 000	30 000	165 000	23 000	3 850			345 850
IKT				1 700		260 000		261 700
Anna	181 000	10 000	113 000	16 300	1 180			321 480
Tilpassing investeringsnivå ift. finansieringsgrunnlag			-132 000					-132 000
Sum investeringar 2015	380 000	90 000	948 000	76 400	10 630	260 000	0	1 765 030

Helse Bergen må tilpasse det samla investeringsnivået i tråd med det finansielle grunnlaget. Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet i helseføretaka etter at resultatet for 2014 er fastsett. Dette må i så fall skje innafør gjeldande investeringsregime og behandlast av styret i dei respektive føretaka.

4. Administrerande direktør ber om fullmakt til å inngå avtale med Helse Stavanger om internt lån på inntil kr 25 mill. når søknad frå føretaket ligg føre.
5. Administrerande direktør kan foreta mindre nødvendige omdisponeringar av budsjettpostane innafør den totale budsjettramma.
6. Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 8. desember 2014 sak 128/14 B Inntektsfordeling 2015 og resultatkrav 2015. Det vart fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2015:

Inntektsramme

INNTEKTSFORDELING 2015	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 635 294	777 025	2 688 059	551 161	-	5 651 539
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 338 383	1 802 389	5 007 763	1 533 276	0	11 681 811
Kvalitetsbasert finansiering	30 488	18 323	40 415	15 512		104 738
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	788 654	466 068	1 593 366	388 797	3 756 329	6 993 213
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	3 279	7 126	35 644	19 494		65 543
SUM, inntekt 2014 fordelt frå RHF	5 796 097	3 070 932	9 365 246	2 508 240	3 756 329	24 496 844

Resultatkrav

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2015	80 000	46 000	200 000	5 000	13 000	1 000	0	345 000

Helseføretaka har med basis i inntektsramma 2015 behandla og vedtatt sine budsjett for 2015 i dei respektive styra. Helse Vest RHF legg med basis i desse vedtaka fram sak om konsernbudsjett 2015 samt investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett.

Denne saka vil og ta opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå eigar og som ikkje var innarbeida i sak om inntektsfordeling 2015. I tillegg er det gjort ein mindre korreksjon i tildeling av midlar til Ø-hjelp enn det som blei tildelt under sak 128/14 B.

Oppdatert oversikt over inntektsramme 2015 og RHF budsjett 2015 følgjer vedlagt.

Fakta

2. Inntektsramma frå staten

2.1 Oversikt over inntekter frå staten

Inntektspostar som følgjer av oppdragsdokumentet er no innarbeida i inntektsramma i Helse Vest RHF. Dette inneber følgjande endring av inntektsramme frå staten samanlikna med sak 128/14 B:

	(tal i heile tusen)	Kap. Post	Statsbudsjett 2014	Oppdragsdokument 2014	Endring
Kvalitetsbasert finansiering	732.71		104 738	104 600	-138
ISF-inntekt (overslagsbevilgning)	732.76		6 107 663	6 107 663	0
Basisramme	732.73		17 963 506	17 963 506	0
Forskning og medisinske kompetansesenter	732.78		172 280	173 795	1 515
Omlegging av arbeidsgivaravgift	732.70		27 100	27 037	-63
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar	732.70			6 450	6 450
Partikkelterapi	732.70		15 900	3 975	-11 925
Klinisk multisenterstudie ME	732.70			2 000	2 000
Legemiddelberedskap	732.70			1 000	1 000
Langvarig smerte	732.70			4 000	4 000
Tilskot til helse- og rehabiliteringsteneste for sjukemelde	732.79		101 657	110 067	8 410
Transporttilbud for psykisk sjuke	732.70		4 000	4 000	0
Forsøksordning tannhelsetjeneste	770.21			3 000	3 000
Helseregister, tilskot	782.70			5 500	5 500
Sum, estimert inntekt frå staten			24 496 844	24 516 593	19 749

Den delen av poliklinisk verksemd som ikkje inngår i ISF-ordninga er ikkje med i inntektsfordelinga frå Helse Vest. Det er i oppdragsdokumentet lagt inn ei overslagsløyving på kr 730,4 mill. for 2015. Budsjettet legg til rette for ein vekst på 6% utover anslått nivå i 2014, basert på rekneskapstal frå januar til mai 2014. For å stimulere til auka effektivisering er refusjonstakstane for offentlege og private laboratorietenester ikkje prisjusterte i 2015.

2.2 Tilskot til helse og rehabiliteringsteneste for sjukemelde (Raskare tilbake)

Ved framlegg av oppdragsdokumentet er tilskotet knytt til «raskare tilbake» om lag kr 8,4 mill. høgare enn det som Helse Vest la inn som anslag i inntektsfordelingssaka i desembermøtet. Tildelinga som følgjer av oppdragsdokumentet er no innarbeida i endeleg inntektsramme for 2015.

2.3 Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar

Det er i oppdragsdokumentet lagt inn kr 6,45 mill. i tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar. Tilskotet skal kompensere turnusstader for å ha turnuskandidatar i klinisk teneste, rettleiarprogram og kurs for turnuskandidatane. Det er lagt inn ein tilsvarande post på kostnadssida i budsjettet. Midla vil bli fordelt på eit seinare tidspunkt.

2.4 Partikkelterapi

I inntektsfordelingssaka frå desembermøtet blei det lagt til grunn at tilskotet på same måte som i fjor blei tildelt Helse Vest og at fordelinga til dei andre RHF-a blei handtert av Helse Vest. For 2015 er denne fordelinga no handtert i Oppdragsdokumentet. Tilskotet til Helse Vest er derfor i denne saka endra frå kr 15,9 mill. til kr 3,975 mill.

2.5 Klinisk multisenterstudie ME

Det er overført kr 2 mill. til nasjonal klinisk multisenterstudie av CFS/ME, som er leia av Helse Vest. Fordeling av midla vil bli avklart på eit seinare tidspunkt.

2.6 Legemiddelberedskap

Det er overført kr 1 mill. til Helse Vest for å handtere kostnader knytt til legemiddelberedskapen frå 2015. Fordeling av midla vil bli avklart på eit seinare tidspunkt.

2.7 Langvarig smerte

Helse Vest blir tildelt kr 4 mill. til TMD-prosjektet i regi av Helse Bergen, jf. Pilotprosjektet felles tverrfaglege diagnosesenter/poliklinikkar for pasientar med langvarige smerte- og eller utmattingstilstander med uklar årsak. Midla blir fordelt Helse Bergen.

2.8 Forsøksordning tannhelseteneste

Det er overført kr 3 mill. til forsøksordninga med tannhelsetenester på sjukehus. Føremålet er å bygge opp kunnskap av behovet for tannhelsetenester til innlagde pasientar på sjukehus. Frå og med 2015 blir Helse Bergen inkludert i forsøksordninga. Midla blir fordelt Helse Bergen.

2.9 Helseregister

Helse Vest er tildelt kr 5,5 mill. til dekning av kostnader knytt til helseregistre. Midla skal finansiere nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre ved Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering (SKDE), vidareutvikling av tekniske fellesløyser i regi av Nasjonal IKT samt implementere fellesløyser for medisinske kvalitetsregistre.

2.10 Forsking og nasjonale kompetansenester

Det er i forbindelse med Oppdragsdokumentet gjort endringar i tildelinga av forskingsmidlar for 2015. For Helse Vest utgjer dette ein auke på kr 1,515 mill. Budsjettet for forskingsmidlar er auka opp med tilsvarende midlar. Justeringa på kr 17 tusen som er gjort i Helse Bergen gjeld øyremarka midlar til nasjonale kompetansenester.

2.11 Mindre justeringar i tilskot til arbeidsgivaravgift og kvalitetsbasert finansiering

I Oppdragsdokumentet er det gjort mindre justeringar på posten arbeidsgivaravgift samt kvalitetsbasert finansiering. Desse endringane er innarbeida i inntektsfordelinga til helseføretaka.

2.12 Øyeblikkeleg hjelp

I Oppdragsdokumentet er det stilt krav om at Helse Vest skal setje av minst kr 118,1 mill. til etablering av døgnstilbod øyeblikkeleg hjelp i kommunane. I inntektsfordelingssaka som vart behandla i desembermøtet blei det sett av kr 2,148 mill. for lite og budsjettet er derfor auka opp med tilsvarende beløp. Denne auken er dekt inn gjennom ein reduksjon i budsjettposten «satsingar som blir fordelt seinare». Midla er fordelt helseføretaka i tråd med aktuell fordelingsnøkkel.

2.13 Samla endringar i inntektsfordelinga

Dei samla endringane som er omtalt ovanfor vil påverke inntektsfordelinga til helseføretaka og RHF-et på følgjande måte:

Endringer i inntektsramma for 2015 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2015 sak 0128/14 B	5 796 097	3 070 932	9 365 246	2 508 240	3 756 329	24 496 844
Justeringar av inntektsramme frå staten:						
Omlagging arbeidsgiveravgift		-19		-70	26	-63
Kvalitetsbasert finansiering	-40	-24	-53	-21		-138
Raskere tilbake					8 410	8 410
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar					6 450	6 450
Partikkelterapi					-11 925	-11 925
Klinisk multisenterstudie					2 000	2 000
Legemiddelberedskap					1 000	1 000
Langvarig smerte			4 000			4 000
Forsøksordning tannhelseteneste			3 000			3 000
Helseregister					5 500	5 500
Forsking og nasjonale kompetansenester			-17		1 532	1 515
						0
Endringer i inntektsfordelinga til HF-a:						
For lite avsatt til øyeblikkelig hjelp	647	377	872	252	-2 148	0
						0
Sum endringer	607	334	7 802	161	10 845	19 749
Oppdatert inntektsramme 2015	5 796 705	3 071 266	9 373 048	2 508 400	3 767 174	24 516 593

I vedlegg 1 til denne saka følgjer oppdatert oversikt over inntektsfordeling til HF-a for 2014 samt vedlegg 2; oppdatert budsjett "Kjøp av helsetenester".

3. Justeringar av RHF budsjettet – bruk av reserve

3.1 Auka kostnad pasientskadeerstatning

Helse Vest har no fått informasjon om at forventna kostnad til pasientskadeerstatning vil bli om lag kr 182 mill., som er kr 37 mill. høgare enn det som vart lagt til grunn i budsjettbehandlinga i desembermøtet. Det er derfor nødvendig å dekke denne kostnadsauken gjennom ein tilsvarende reduksjon i reserveposten i RHF-et.

3.2 Helse-atlas

Føretaksmøtet bad i møte den 7/1-15 Helse Nord RHF og Helse Vest RHF om å samarbeide med Helsedirektoratet om å utvikle ei nasjonal atlasteneste for å belyse og analysere forbruk og variasjon av helsetenester. Oppgåva vil bli lagt til Helse Førde. Det er førebels usikkert kor snart arbeidet starter opp og kor stor kostnaden vil bli i 2015. Det vil bli fordelt midlar til Helse Førde så snart ein har fått avklart omfanget av arbeidet. Det er førebels sett av kr 3 mill. til prosjektet i 2015.

3.3 Reserven i RHF-et

Helse Vest har i inntektsfordelinga som vart behandla av styret i desembermøtet, lagt inn ein reserve på kr 100 mill. for å fange opp usikkerheit i budsjetttopplegget for 2015.

Reserven må som følgje av dei to ovannemnde punkta justerast som følgjer:

Reserve 2015 - endelig inntektsfordeling (styresak desember)	100 000
Auke i budsjett til pasientskadeerstatning	-37 000
Helse atlas	-3 000
Reserve 2015 - konsernbudsjettsaken	60 000

Reserveposten skal i hovudsak fange opp usikkerheit og risiko i budsjettoplegget. I etterkant av budsjettsaka som blei lagt fram i desember (sak 128/14 B) har det dukka opp eit nytt risikoområde. Betaling for bruk av luftambulansetenestens ambulansefly har fram til no blitt belasta dei regionane der flya har sin base. I og med at Helse Vest berre har helikopterbasar, har ein ikkje blitt belasta kostnader knytt til flytransport. Ved omlegging av nasjonal inntektsmodell der basisramma til regionane blir fordelt på basis av befolkningskriterier, har det oppstått behov for å revidere betalingsordninga. Betalinga for tenesta kan komme til å utgjøre et betydelig beløp for Helse Vest, og det er starta opp eit arbeid der det er forventa at ein kjem fram til en ny betalingsordning med verknad frå 2016. Dette er eit forhold som er viktig å ta med seg i vurderinga av nivået på reserven i kommande års budsjett.

3.4 Om-disponering av budsjettpost i RHFet

Det er overført totalt kr 4,8 mill. frå budsjettposten «regionale fellesløysingar» til RHF-et sitt administrasjonsbudsjett. Dette inneber at budsjettposten «regionale fellesløysingar» blir på kr 13,6 mill. medan budsjetttramra til RHF-et sin administrasjon blir på kr 119,8 mill. Det blir vist til sak 006/15 Budsjett 2015 for Helse Vest RHF administrasjon, for nærare omtale av dei disponeringane som er føreslått.

4 Konsernbudsjett 2015

Helseføretaka har med basis i sak 128/14 B Inntektsfordeling 2015 og resultatkrav 2015, fatta vedtak om budsjett 2015 i sine respektive styre.

Administrerande direktør legg med dette fram forslag til konsernbudsjett 2015 med eit positivt resultat på kr 345 mill. Resultatkravet for helseføretaka blir då som følgjer:

Forslag til resultatkrav 2015	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2015	80 000	46 000	200 000	5 000	13 000	1 000	0	345 000

Med basis i helseføretaka sine budsjett blir konsernbudsjett 2015 som følgjer:

Tal i heile mill.	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	Kjøp av helsetenester	Helse Vest administrasjon	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter										
Basisramme	4 157,5	2 293,9	6 671,7	1 937,6	-	-	17 843,7	119,8	-15 060,7	17 963,5
ISF inntekter	1 635,3	777,0	2 706,8	563,1	-	-	6 107,7	-	-5 682,2	6 107,7
Polikliniske inntekter og egenbeta	221,0	117,3	532,9	46,7	-	-	730,0	-	-650,0	997,8
Andre inntekter og tilskudd	438,4	93,8	901,9	206,4	1 000,4	790,8	445,4	-	-1 463,2	2 414,0
Sum driftsinntekter	6 452,2	3 282,0	10 813,3	2 753,8	1 000,4	790,8	25 126,7	119,8	-22 856,1	27 483,0
Varekostnader	1 064,7	480,3	1 109,5	403,4	789,7	7,5	24 631,9	-	-22 075,1	6 411,9
Personalkostnader	4 349,9	2 234,3	7 463,1	1 821,7	146,4	235,3	-	70,2	-	16 320,9
Andre driftskostnader	702,6	395,5	1 578,2	415,7	48,6	334,6	550,0	49,6	-781,0	3 293,6
Avskrivninger	238,8	124,2	445,5	102,0	4,4	203,7	4,9	-	-	1 123,4
Sum driftskostnader	6 356,0	3 234,3	10 596,3	2 742,7	989,1	781,0	25 186,7	119,8	-22 856,1	27 149,9
Driftsresultat	96,2	47,7	217,0	11,1	11,3	9,8	-60,0	-	-	333,1
Finansinntekter	-	2,4	-	1,4	1,8	1,0	60,0	-	-	66,6
Finanskostnader	16,2	4,1	17,0	7,5	0,1	9,8	-	-	-	54,7
Finansresultat	-16,2	-1,7	-17,0	-6,1	1,7	-8,8	60,0	-	-	11,9
Resultat	80,0	46,0	200,0	5,0	13,0	1,0	-	-	-	345,0

I konsernsamanstillinga er det gjort ei forenkla eliminering for konserninterne transaksjonar. Dette er i hovudsak knytt til ISF inntekt og basisramme i føretaka. I tillegg er det eliminert for interne inntekter i Helse Vest IKT og Sjukehusapoteka Vest.

Det vil bli endringar både på inntekts og kostnadssida når helseføretaka har fått innarbeida alle tiltak samt eksternfinansierte oppgåver. Dette vil likevel ikkje påverke resultatet.

5 Investeringsbudsjett 2015

Styret i Helse Vest behandla i møte den 4/6-2014 sak 069/14 B Langtidsbudsjett 2015-2019. I denne er det mellom anna fastsett nødvendig resultatkrav i kommande 5 års periode som er nødvendig for å kunne handtere investeringsbehovet i føretaksgruppa. Saka gir ein oversikt over investeringsbehovet og det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar. Dei årlege investeringsbudsjetta må handterast i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. I samband med behandlinga av konsernbudsjett 2015 blir det i denne saka og fastsett investeringsramme for føretaka i 2015. Endeleg investeringsbudsjett må behandlast i helseføretaka med basis i det endelege resultatet for 2014 samt dei føringane som blir lagt i denne saka. Helse Bergen har i sitt budsjettvedtak i desember lagt til grunn eit investeringsbudsjett som er om lag kr 132 mill. høgare enn det finansielle grunnlaget. Dette er eit forhold som Helse Bergen må ta ein gjennomgang på og tilpasse investeringsramma i tråd med det finansielle grunnlaget.

Det samla investeringsbudsjettet for 2015 blir som følgjer:

Samandrag investeringar (Budsjett 2015)

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	75 000	50 000	802 000	35 400	5 600			968 000
Medisinteknisk utstyr	124 000	30 000	165 000	23 000	3 850			345 850
IKT				1 700		260 000		261 700
Anna	181 000	10 000	113 000	16 300	1 180			321 480
Tilpassing investeringsnivå ift. finansieringsgrunnlag			-132 000					-132 000
Sum investeringar 2015	380 000	90 000	948 000	76 400	10 630	260 000	0	1 765 030

Det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar i 2015 er lagt inn med følgjande føresetnad:

Kontantstrøm til å dekke investeringar i 2015:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Resultat til styrking av finansieringsgrunnla	80 000	46 000	200 000	5 000	13 000	1 000	0	345 000
+ Avskrivning	238 800	124 180	450 000	101 750	4 432	203 654		1 122 816
+ Nedskrivning anleggsmidler	0	1 077						1 077
= Kontantstraum frå drifta	318 800	171 257	650 000	106 750	17 432	204 654	0	1 468 893
+/- Førebels resultatavvik 2014	-15 000	8 500		10 000	-3 300	4 000	425 700	429 900
+ Nedskrivning 2014	0				-			0
+ Opptak av nye lån, Busp 1-2			125 000		-			
- Avdrag lån	-52 000	-15 084	-68 000	-9 870				-144 954
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-25 000	-5 972	-24 000	-8 082	-	63 054		0
+ Sal av anleggsmidler			42 000		-			42 000
+/- Likviditet overført frå 2014	109 000	52 790	219 000	-41 570			110 000	449 220
+/- annet		2 170		8 000				10 170
Finansielt grunnlag	335 800	213 661	944 000	65 228	14 132	271 708	535 700	2 255 229
+ Interne lån overført fra 2014	50 000			60 000			-110 000	0
+ Internt lån 2015	25 000		4 000				-29 000	0
Finansieringsgrunnlag investeringar inkl interne lån	410 800	213 661	948 000	125 228	14 132	271 708	396 700	2 255 229
Investeringsplanar i HF-a	380 000	90 000	948 000	76 400	10 630	260 000	0	1 765 030

5.1 Helse Stavanger

Helse Stavanger har eit finansielt grunnlag til gjennomføring av investeringar i 2015 på kr 410,8 mill.

Det er lagt til grunn at resultatet i 2014 blir omlag kr 15 mill. dårlegare enn budsjettet. Endringar i endeleg resultat vil endra det finansielle grunnlaget tilsvarande.

Helse Stavanger er tidlegare tildelt eit lån på kr 50 mill. Føretaket har lagt til grunn at dette lånet blir overført til 2015.

Bygging av PET-senter låg opphavleg i investeringsforslaget for 2014, men er blitt overført til 2015 grunna utfordringar knytt til planløsninga. I tillegg foreslår føretaket at det blir overført kr 10 mill. til 2015 for å ferdigstille prosjektet med å etablere eigen palliasjonseining. Tilhøyrande likviditet er også overført til 2015.

Helse Stavanger har elles eit etterslep på investeringar frå 2014 på kr 109 mill. Desse investeringane var ikkje innarbeida i budsjettet som blei behandla av Helse Stavanger-styret i desembermøtet. Desse investeringane er no overført til investeringsramma for 2015 med tilhøyrande likviditet.

Styret i Helse Stavanger har gitt føretaket fullmakt til å søkje Helse Vest om eit internt lån på kr 25 mill. Lånet er planlagt brukt til realisering av eit investeringsprosjekt for ombygging MOBA/E2. Administrerande direktør vil tilrå at det blir gitt eit lån på kr 25 mill. for å gjennomføre det aktuelle prosjektet.

Helse Stavanger har med bakgrunn i dette eit finansielt grunnlag for følgjande investeringsramme i 2015:

Investeringar 2015:	Styresak desember	Overført investering frå 2014	Korrigert investerings- budsjett
PET- senter	40 000		40 000
Palliativ	10 000		10 000
Sykehusutbygging	5 000		5 000
Overført fra 2014		20 000	20 000
Sum bygg	55 000	20 000	75 000
MTU	97 000	27 000	124 000
Andre investeringar	119 000	62 000	181 000
Sum investeringar	271 000	109 000	380 000

5.2 Helse Fonna

Helse Fonna har i 2015 eit finansieringsgrunnlag for handtering av investeringar på om lag kr 213,7 mill. Det er lagt til grunn at føretaket leverer eit resultat på om lag 8,5 mill. betre enn budsjett. Endringar i resultatet vil påverke det finansielle grunnlaget tilsvarande.

Helse Fonna har eit etterslep på investeringane for 2014. Samla unytta likviditet knytt til finansiering av investeringar er på om lag kr 53 mill. som er ført vidare til 2015.

Helse Fonna har i sitt investeringsbudsjett for 2015 lagt inn følgjande rammer fordelt på hovudpostar:

Investeringar 2015:	
Bygg	50 000
MTU	30 000
Andre investeringar	10 000
Sum investeringar	90 000

Med eit investeringsbudsjett på kr 90 mill. vil Helse Fonna overføre kr 123,7 mill. av finansieringsgrunnlaget til 2016 og framtidige investeringar.

5.3 Helse Bergen

Helse Bergen har i 2015 eit finansieringsgrunnlag på om lag kr 948 mill., med føresetnad om at resultatet for 2014 er i tråd med resultatkravet.

Føretaket er tildelt lån frå staten til finansiering av nytt senter for barn og unge ved Helse Bergen (BUSP). Prosjektet (fase I) har ein samla investeringskostnad på om lag kr 1,4 mrd. Helse Bergen må finansiere om lag halvparten av investeringa med egne midlar. Den andre halvparten blir finansiert gjennom lån. I 2015 har dei fått tildelt kr 125 mill. i lån til dette prosjektet. Helse Bergen har og føresett at det blir gitt internt lån til prosjektet Nordås med ei samla låneramme på kr 128 mill. Helse Bergen vil komme tilbake med ein lånesøknad på eit seinare tidspunkt. Det er førebels lagt inn kr 4 mill. i internt lån i 2015, men det store lånebehovet vil først komme i 2016-2018.

Helse Bergen har eit etterslep i forhold til sitt investeringsbudsjett for 2014. Samla unytta likviditet til finansiering av investeringar er på om lag kr 219 mill. Denne likviditeten er ført vidare til 2015.

Helse Bergen har i budsjettet for 2015 lagt opp til ein investeringsplan på kr 1 080 mill. som er kr 132 mill. høgare enn det finansielle grunnlaget. Helse Bergen må gjennomgå og prioritere sine investeringsprosjekter slik at den samla investeringsplanen blir tilpassa det finansielle grunnlaget i forbindelse med rullering av langtidsbudsjettet.

I investeringsplanen for 2015 er følgjande store prosjekt prioritert inn:

Investeringar 2015:	
Investering bygg ekskl. BUSP	422 000
BUSP trinn 1	350 000
BUSP trinn 2	30 000
Sum bygg	802 000
MTU	165 000
Andre investeringar	113 000
Sum (vedtatt budsjett Helse Bergen)	1 080 000
<i>Tilpassing investeringsnivå ift. finansieringsgrunnlag</i>	<i>-132 000</i>
<i>Sum investeringar</i>	<i>948 000</i>

5.4 Helse Førde

Helse Førde har eit samla finansielt grunnlag på om lag kr 125 mill. Det er lagt til grunn at føretaket leverer eit resultat på om lag 10 mill. betre enn budsjett. I det finansielle grunnlaget ligg det eit internt lån frå 2011 på kr 60 mill. som føretaket ikkje har bedt om å få utbetalt enno. Midla blir derfor ført over til 2015.

Helse Førde har i sitt investeringsbudsjett for 2015 lagt inn følgjande rammer fordelt på hovudpostar:

Investeringar 2015:	
Bygg	35 400
MTU	23 000
IKT utstyr	1 700
Andre investeringar	16 300
Sum investeringar	76 400

5.5 Helse Vest IKT

Helse Vest IKT har gjennom avskrivningar og resultat eit finansieringsgrunnlag til investeringar på om lag kr 205 mill. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å dekke heile investeringsbehovet innanfor IKT. Derfor må helseføretaka i tillegg stille likviditet til disposisjon for Helse Vest IKT til å gjennomføre den samla investeringsplanen. Totalt er tilførselen av likviditet frå helseføretaka til Helse Vest IKT på om lag kr 63 mill. Det finansielle grunnlaget utgjer med dette kr 272 mill. Samla investeringsplan i 2015 er på kr 260 mill.

5.6 Sjukehusapoteka

Sjukehusapoteka Vest har eit finansieringsgrunnlag i 2015 på kr 14 mill. Det samla investeringsbudsjettet for 2015 er sett til kr 10,6 mill.

5.7 Helse Vest RHF


Det samla finansieringsgrunnlaget til Helse Vest RHF er på om lag kr 396,7 mill. Det er då tatt høgde for at det blir tildelt internt lån til Helse Stavanger og Helse Bergen på kr 29 mill.

Administrerande direktør vil komme tilbake med styresak der ein eventuelt tilrår om delar av den frie likviditeten skal styrast inn mot prioriterte områder/prosjekt på eit seinare tidspunkt.

6 Førebels likviditetsbudsjett 2015

Den samla driftskredittramma til Helse Vest ved inngangen til 2015 er på kr 2 520,8 mill. Denne vil bli satt ned med kr 565,8 mill. og vil ved utgangen av året vere på 1 955 mill.

Helseføretaka har utarbeidd førebels likviditetsbudsjett som er vist i grafen under:



Driftskredittramma er tilstrekkeleg for å dekke likviditetsbehovet.

Det er førebels usikkerheit rundt pensjonskostnaden i 2015. Dette er eit forhold som administrerande direktør vil komme tilbake til på eit seinare tidspunkt.

Det er og usikkerheit knytt til framdrift på investeringar samt andre transaksjonar som kan gi store perodesvingingar på likviditeten. Dette inneber at likviditeten periodevis kan avvike i forhold til det som her er budsjettert. Under føresetnad av at helseføretaka klarer å levere eit resultat i tråd med resultatkravet, vil likviditeten i 2015 vere tilfredsstillande i forhold til driftskredittramma. Dersom det blir avvik i resultatet vil dette bli følgt opp, og om nødvendig må ein gjennomføre tiltak for å sikre tilfredsstillande likviditet i føretaksgruppa.

Vedlegg 1

INNETKTSFORDELING 2015	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering (inkl. dyre medisinar)	1 568 845	748 034	2 733 986	519 346		5 570 212
ISF-pasientar behandla i andre regionar	98 452	33 546	62 628	44 702		239 328
ISF-pasientar behandla for andre regionar	-32 003	-4 555	-108 556	-12 887		-158 001
SUM, ISF	1 635 294	777 025	2 688 059	551 161	-	5 651 539
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 338 383	1 802 389	5 007 763	1 533 276	0	11 681 811
Kvalitetsbasert finansiering	30 448	18 299	40 362	15 491		104 600
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	789 301	466 445	1 594 238	389 048	3 767 174	7 006 206
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	3 279	7 107	42 627	19 424		72 437
SUM, inntekt 2014 fordelt frå RHF	5 796 705	3 071 266	9 373 048	2 508 400	3 767 174	24 516 593
*) Spesifikasjon av postar utanfor modell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme Helse Vest RHF					3 767 174	3 767 174
Internt lab-/røntgenoppgjjer	-6 854	-10 636	25 201	-7 711		-0
Regional eining for rehabilitering ved alvorleg hovudskade			13 186			13 186
Strukturtilskot		28 073		58 051		86 124
Overgangsordning Helse Bergen - prehospitale tenester			0			0
Styrking av rusområdet samt overtaking av LAR	60 798	36 021	74 263	23 096		194 179
LAR Helse Bergen			5 490			5 490
Utskrivingsklare pasientar, uttrekk frå Haraldsplass			10 980			10 980
Nevrokirurgisk verksemd			7 556			7 556
PET-senter			16 471			16 471
PET-skanner - endring refusjonssystem 1/7-14 (heilårseffekt)			6 540			6 540
Pensjonskostnad	649 585	367 702	1 134 400	271 877		2 423 564
Tilskot til utdanning	14 580	7 297	125 290	5 524		152 692
Kompetansetenester:						
Regionale kompetansetenester (NY FORDELING)	13 219		38 201			51 421
Nasjonale kompetansetenester finansiert av rammen			9 588			9 588
Tidlegare kompetansetenester overført til drift			6 799			6 799
Tidlegare øyremerkte midlar frå HOD overført til ramma		800	3 208			4 009
Radio Medico - medisinsk rådgivningsteneste for skip			6 008			6 008
Regionalt tverrfagleg kompetansemiljø for astma og allergi			824			824
Tilstadevakt - beredskap, Solabasen og Florø	7 704			7 704		15 407
Kompetanse og nettverksbygging "Kropp og sjølvkjensle" - spiseforstyring			2 399			2 399
Pasienttransport	8 910	8 869	11 363	12 073		41 214
Vurderingseining for inntak til private rehabinstusjonar			2 909			2 909
Utanlandsbehandlinger - overf. frå RHF			28 621			28 621
Nye nasjonale behandlingstenester			5 764			5 764
Helsedionett	136	144	155	209		644
Døgntilbod øyeblikkeleg hjelp i kommunane	35 617	20 727	47 944	13 812		118 100
ME-poliklinikkar Stavanger og Bergen	1 063		1 063			2 126
Utdanningsstillingar geriatri	2 196					2 196
Legeambulanse		4 252				4 252
Veiledningsordning for barn og unge med spiseforstyrelse			478			478
Etablering av soningseining for dei under 18 år			1 092			1 092
Narkotikaprogram med domstolskontroll			2 080			2 080
Rusmeistringseining ved fengsla i Stavanger og Bergen	765		765			1 530
System for innføring av nye metoder			1 237			1 237
Barn som pårørende	412	3 196	3 299	412		7 320
Kreftstrategi - Vardesenter og pusterom	1 169		1 063			2 232
Dagkirurgi Norfjordeid sjukehus				4 000		4 000
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	789 301	466 445	1 594 238	389 048	3 767 174	7 006 206
	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	RHF	SUM
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):						
Kompensasjon for arbeidsgivaravgift Kap. 732.70		7 107	506	19 424		27 037
Nasjonale kompetansetenester Kap. 732.78	3 279		28 335			31 614
Arbeidsmedisinsk avdeling (inkludert i "raskere tilbake") Kap. 732.79			6 786			6 786
Langvarig smerte - pilotprosjekt Kap. 732.70			4 000			4 000
Forsøksordning tannhelseteneste Kap. 732.70			3 000			3 000
Sum øyremerkte midlar frå HOD	3 279	7 107	42 627	19 424	0	72 437
SUM, tildelt inntekt 2015 frå RHF	5 796 705	3 071 266	9 373 048	2 508 400	3 767 174	24 516 593
Endring av inntektsramma til HF-a som følgje av gjestepasientoppgjjer:						
Kostnad, eksternt gj.pas.oppgjjer	-157 523	-53 673	-100 205	-71 523		-382 925
Fakturering av gjestepasientar andre regionar	51 205	7 288	173 689	20 619		252 801
Kostnad, rus gjestepasientar (estimat)	-12 330	-9 567	-28 700	-3 933		-54 530
Kostnad, kjøp av kurdøgnplassar (estimat)	-14 137	-11 161	-31 889	-7 228		-64 415
Kostnad, kjøp frå Feiring (estimat)	-6 697	-7 441	-7 441	-4 252		-25 830
SUM, inntektsramme i HF-a	5 657 223	2 996 712	9 378 503	2 442 083	3 767 174	24 241 694

Vedlegg 2

	Budsjett 2015
Kjøp av helsetjenester innenfor "sørge for ansvaret"	
Tilskot til influensasenteret i Bergen	3 102
Driftsavtaler - somatikk og psykisk helse	1 485 375 ¹
Driftstilskot private legespesialistar og kliniske psykologar	209 464
Driftsavtaler - rusområdet	441 675
Kjøp av diverse helsetenester	2 658
Pensjon apoteka, IKT og RHF	33 600
Andre avtaler	2 400
Lab/røntgen, offentlig	56 280
Lab/røntgen, privat	119 223
Luftambulansen	97 636
DRG poeng Bergen Legevakt	29 674
Kjøp, private	97 871
SUM	2 578 958
Tilskuddsordinger	
Regionsjukehusstilskot, Bergen Legevakt	479
Tilskot, brukarorganisasjonar	9 509
Studenthelseteneste	4 141
Regionalt brukarutval	679
SUM	14 808
Tilbakeholdte midlar/fordelast direkte fra RHF	
Tilskot til forskning	198 621
Tilskot til Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS	31 375
Norsk Pasientskadeerstatning	182 000
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapautar	6 450
Helseforetakenes driftsorganisasjon HF - Nødnett	27 500
Nasjonale IKT	28 188
Kvalitetsregistre	32 599
Habilitering/rehabilitering	186 557
Avskrivning bygg Jæren DPS	4 871
Regionale og nasjonale fellesprosjekt	50 491
Tillitsvalde	3 936
Regionale fellesløysingar	13 578
Regional innkjøpsløysing	10 218
Kvalitet og pasienttryggleik	31 518
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde	103 281
Eldremedisin og samhandling	16 393
"Housing first" busetting av vanskelegstilte	850
Dropouts	2 070
Prostatacentre	3 200
Satsingar som blir fordelt seinare	8 770
Helse atlas	2 000
Klinisk multisenterstudie ME	2 000
Legemiddelberedskap	1 000
Partikkelterapi	3 975
IKT og MTU	48 869
Helseregister	5 500
Kompetansetenester - frikjøp	2 000
Felles regionale kompetanseplaner	2 000
Dagkirurgi Nordfjordeid-investeringstilskot	8 000
Transporttilbod for psykisk sjuke	4 000
Fritt behandlingsvalg - hvordan håndteres denne	22 450
Sykehusbygg	8 300
Overskot i RHF-et	0
Reserve	60 000
SUM	1 112 559
Renteinntekt i RHF-et	-60 000
Helse Vest morselskap	
Administrasjon Helse Vest - kostnadsramme	119 848
SUM	3 766 174